



Inge Kleiven
Fjellsbøvegen 77
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1827 - 14/28355

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2014

Gbnr48/1 Fjellsbø nordre. Avslag på søknad om tilskot til sau på beite i utmark.

Syner til dykkar søknad om tilskot til sau på beite i utmark. Dette er ei ordning under regionalt miljøprogram RMP. Av søknaden går det fram at du har sendt 50 dyr på beite i utmark.

For å få rett til stønad for sau på beite i utmark, er det naudsynt at søkjar er medlem av organisert beitelag. Etter samtale og slik det og går fram av oversyn over organiserte beitelag i Hordaland, kan kommunen ikkje sjå at du er medlem i noko beitelag som er godkjend her i fylket.

Du har såleis ikkje rett på tilskot til sau på beite i utmark etter ordningane i regionalt miljøprogram.

VEDTAK:

Lindås kommune har med heimel i reglane for tilskot til regionalt miljøprogram – RMP – ikkje godkjent din søknad om tilskot til dyr på utmarksbeite. Søknaden er avslått.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner. Du har rett til å klage over avgjerda. Klagen skal sendast til Lindås kommune innan tre veker etter at du har motteke melding om vedtaket. Jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Mottakarar:
Inge Kleiven

Fjellsbøvegen 77 5956

HUNDVIN